

Deres ref.:
Vår ref.: 15/9450-2
Saksbehandler: Darya Shut
Dato: 28.10.2015

Nye pasientrettigheter, fritt behandlingsvalg, reviderte prioriteringsveiledere og ny henvisningsveileder

Frå 1. november 2015 kjem ein rad endringar i fleire helselover og forskrifter som gjer at pasientrettane vert styrka på mange område. Fristen for å vurdere tilvisingar i spesialisthelsetenesta vert korta ned frå 30 til 10 verkedagar. Skiljet mellom pasientar som berre har behov for og dei som har rett til behandling vert oppheva, og alle pasientar med rett til naudsynt helsehjelp frå spesialisthelsetenesta får ein juridisk bindande frist for når helsehjelpa seinast skal byrje.

I tillegg til informasjon om fristen, skal spesialisthelsetenesta innan 10 verkedagar gje pasienten informasjon om stad og tid for fyrste oppmøte. Dette er ei viktig endring, som skal gjere helsehjelpa meir føreseieleg for pasienten tidlig i behandlingløpet. Dersom fristen for utgreiing eller behandling vert broten, har spesialisthelsetenesta plikt til å varsle HELFO pasientformidling.

[Vel behandlingsstad](#) på helsenoreg.no kjem i staden for frittsykehusvalg.no. Her finn helsepersonell og pasientar oversyn over behandlingsstader og ventetider i ordninga *Fritt behandlingsval*.

Fritt behandlingsval

Pasientar som vert vist til spesialisthelsetenesta for utgreiing eller behandling kan sjølv velje kva stad dei skal verte behandla – med nokre avgrensingar. Fritt behandlingsval gjev pasienten rett til å velje mellom offentlege behandlingsstader, private med avtale og private som HELFO har godkjend som leverandør. Nytt er innføringa av ei godkjenningsordning som gjev private høve til å søkje om godkjenning for å tilby einskilde helsetenester.

Pasientar kan altså velje kvar tilvisinga skal verte sendt og kvar dei vil ta i mot helsehjelpa. Det er likevel ikkje alle behandlingsstader som har rett til å vurdere tilvisingar og eventuelt tildele rett til naudsynt helsehjelp i spesialisthelsetenesta. På nettsida *vel behandlingsstad* er det oversyn over kven som har slik kompetanse til å vurdere rett til helsehjelp. Ved å ringe 800 HELSE (800 43 573) kan pasienten òg få rettleiing om dette og om korleis dei skal gå fram for å bytte behandlingsstad.

Vel behandlingsstad skal alltid ha oppdaterte ventetider på et utval vanlege undersøkingar og behandlingar. Den som tilviser pasienten, kan informere pasienten om nettsida *Vel behandlingsstad*.

Helsedirektoratet - Divisjon primærhelsetjenester

Avdeling allmennhelsetjenester

Darya Shut, tlf.: 24163289

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050

Faks: 24 16 30 01 • Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Fastlegar og andre som tilviser pasientar, kan ringe direkte til ein pasientrådgjevar på 800 50 004. Her får dei råd og rettleiing om ventetider og høve til val, og råd om kva dette kan ha å seie for kvar tilvisinga kan verte sendt. Pasientrådgjevarane har òg oversyn over alle avtalespesialister og tilbod innan *Raskare tilbake*.

Retten til fritt val av behandlingsstad inneber ikkje ein rett til å velje meir spesialisert behandling enn det pasienten er tilvist for. Pasientar skal berre stå på éin venteliste av gangen for same sjukdom, og det skal ikkje verte sendt fleire tilvisingar for same lidning.

For meir informasjon sjå: helsenorge.no/velg-behandlingssted

Ny ordning ved fristbrot

Spesialisthelsetenesta skal varsle HELFO pasientformidling dersom dei ikkje er i stand til å fylle den juridiske fristen for når helsehjelp seinast skal byrje. HELFO vil da ta kontakt for å høyre om pasienten ynskjer ein annan behandlingsstad. Tidlegare var det pasienten som sjølv måtte kontakte HELFO. Fristbrot skal varslast til HELFO digitalt via [fristbrotportalen](#).

Ved fristbrot for pasientar frå 12 til 16 år, kontaktar HELFO den som har tilvist pasienten, og ikkje pasienten. Grunnen til det er regelen om helseerettsleg myndighetsalder. Dersom den som tilviser stadfester for HELFO at føresette var til stades då pasienten vart tilvist, kan HELFO ta direkte kontakte med føresette til pasienten. Meir informasjon om fristbrot finst på helfo.no

Pakkeforløp for kreft

Pakkeforløpa er ikkje juridiske rettar, men bygger på helsepolitiske føringar. Pasientar som vert tilvist inn i pakkeforløpa for kreft, skal også verte vurdert for rett til naudsynt helsehjelp og få ein juridisk bindande frist. Denne fristen er ein ekstra tryggleik for at utredning eller behandling byrjar innan forsvarleg tid. Dersom den fristen vert broten, skal HELFO varslast.

Prioriteringsrettleiarar (reviderte) og tilvisingsrettleiar (ny)

Helsedirektoratet har revidert alle prioriteringsrettleiarar for spesialisthelsetenesta, på 33 ulike fagområder. [Prioriteringsrettleiarane](#) er eit praktisk hjelpemiddel for spesialisthelsetenesta til å vurdere tilviste pasientar og setje bindande frist. Dei er ikkje medisinskfaglege rettleiarar for god helsehjelp.

Det er i tillegg utvikla ein tilvisingsrettleiar for tilvisingar til spesialisthelsetenesta.

Tilvisingsrettleiaren skal bidra til at naudsynt informasjon er med i tilvisinga, for å sikre at pasienten møter eit best mogleg planlagd løp i spesialisthelsetenesta. Tilvisingsrettleiaren skal verte nytta ved tilvising på alle fagområde.

- Det vert innført ein ny kode i kodeverket for hastegrad, kalla «haster». tilvisingar merka med «haster» må verte vurdert tidlig (snarast) i vurderingsperioden på 10 dagar. «Haster» må ikkje verte forveksla med augeblikkeleg hjelp.
- Vurderinga i spesialisthelsetenesta skal skje på grunnlag av tilvisinga. Det er ikkje lenger krav om å hente inn tilleggsopplysingar eller å kalle inn pasienten til

undersøking. Kravet til fagleg forsvarleg verksemd, kan likevel tilseie at den som vurderer tilvising bør ta kontakt med pasienten eller den som har tilvist for tilleggsopplysingar i løpet av vurderingsperioden. Dersom dette ikkje er mogleg, må tilvisinga i alle høve verte vurdert, den kan ikke verte returnert.

- Det vert gjort endringar i kodeverket for tilvisingstype, som inneber at ein av fylgjande kodar skal veljast:
 - *Utredning/Behandling* (skal verte vurdert for rett til helsehjelp)
 - *Råd til henviser* (skal ikkje verte vurdert for rett til helsehjelp)
 - *Øvrige henvisninger* (skal ikkje verte vurdert for rett til helsehjelp)

Det vil fortsatt ta litt tid før dette er på plass i journalsystema.

Alle rettleiarane er tilgjengelege på www.helsedirektoratet.no

Pasientar finn informasjon om sine rettar på www.helsenorge.no/rettigheter
Dei kan òg ringe 800HELSE (800 43 573).

Vennlig hilsen

Olav Valen Slåttebrekk e.f.
assisterende direktør

Johan Georg Røstad Torgersen
divisjonsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk

